



Uskedal Vassverk kallar inn til ekstraordinært årsmøte med ei sak på saklista: Vedtekstendring (Arkivfoto).

På årsmøte i Uskedal Vassverk 8. mai vart det gjort vedtak om justering av vassavgiftene ved overgang til 8 ulike prisgrupper. Nye vassgifter er bestemt med vanleg fleirtal på årsmøtet. Saka på ekstraordinært årsmøte gjeld vedtekstendring § 14. Sjå meir om innkalling og kva styret skriv:

Innkalling til ekstraordinært årsmøte i Uskedal Vassverk i

Uskedal skule 27. mai 2019 kl.19:30

Sakliste til årsmøte

2. gongs handsaming_

Godkjenna endring av vedtektene's §14

Kvar partseigar skal svara årsavgift i høve til vedtak på årsmøtet.
Den enkelte partseigar må sjølv leggja fram naudsynt dokumentasjon for at eigedommen skal koma i prisgruppe 100.

For alle næringsverksemdar og storforbrukarar av vatn, skal styret for vassverket til kvar tid fastsetja avgifta. Ein nyttar minsteavgift i samsvar med prislista som grunnlag for utrekning av endeleg årsavgift for næringsverksemd/lag.

Hjå storforbrukarar kan det også nyttast vassmålar etter avtale med partseigar. Gardsbruk har eiga prisgruppe etter storleik og stipulert forbruk.

Årsavgifta har forfall 15. mars og 15. september. Har årsmøte justert avgifta i løpet av året, så kjem den endringa i tillegg ved forfall 15. september.

Styret kan avvika frå årsavgifta i dei tilfelle den vert urimelig for abonnenten.

Prislista er endra i høve til vedtak på årsmøte 08.05.2019.

Styret i Uskedal Vassverk

Tekst: Styret

Foto/nett: Kristian Bringedal



Leiar i Uskedal Vassverk, Hans Reidar Kjærland, og forretningsfører Terje Myklebust (Arkivfoto).